



Temaliste til teoriprøve – Drosjeløyve

juni 2023

Yrkes- og marknadstilgang og vegtrafikk

Tema 001 Yrkestransportlova til løyveeksamen for drosje:

| | |
|---|--|
| <p>Yrkestransportlova med tilhørende forskrift:</p> <p>Dette handlar om korleis myndigheitene regulerer drosjenæringa, medrekna kva krav yrkestransportlova med forskrift stiller til sjølve drosjedrifta.</p> <p>Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) – Lovdata</p> <p>Forskrift om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportforskrifta) – Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- ulike løyvetypar og transportrettar- når einerettar kan innførast for eit område- kva krav som blir stilte for å erverve seg løyve- kva krav som blir stilte til løyvehavar- kva krav som blir stilte til køyretøyet som skal brukast i næringa |
|---|--|

Tema 002 Vegtrafikklova til løyveeksamen for drosje

| | |
|--|--|
| <p>Vegtrafikklova</p> <p>Dette handlar om kunnskap som blir kravd av leiaren i ei transportbedrift, slik at leiaren og dei tilsette oppfyller relevante reglar i vegtrafikklova med tilhørende forskrifter.</p> <p>Lov om vegtrafikk (vegtrafikklova) – Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om regelverket:</p> <ul style="list-style-type: none">- om pliktmessig avhald.- om ansvar for tilstanden til køyretøyet m.m.- om registrering av køyretøy- som gjeld spesielt for drosje- om innsetting av reservedrosjer |
|--|--|

Arbeidsgivar sitt ansvar

Tema 003 Arbeidsmiljølova og ferielova til løyveeksamen for drosje:

| | |
|---|--|
| <p>Arbeidsmiljølova og ferielova</p> <p>Dette handlar om kunnskap om hovuddelane i arbeidsmiljølova, medrekna reglane i ferielova.</p> <p>Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern m.m. (arbeidsmiljølova) – Lovdata</p> <p>Lov om ferie (ferielova)</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- føremålet med arbeidsmiljølova- krava til innhaldet i ein arbeidsavtale- krava til oppseiing og avskjed- reglane for arbeidstid og pausar- reglane om ferie- reglar om feriepengar |
|---|--|



Tema 004 Opplæring av tilsette til løyveeksamen for drosje:

| | |
|--|---|
| <p>Opplæring av tilsette Dette handlar om korleis opplæring påverkar kompetansen til den tilsette innanfor fagområda køyreatferd, trafikktryggleik, service og kundebehandling.</p> <p>Forskrift om krav til taksametre – Lovdata</p> <p>Kommissjonen si melding om velfungerande og berekraftig lokal passasjertransport på tilkallebasis (drosjer og leigebilar) – EUR-Lex.europa.eu (på dansk)</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- opplæring i taksameter, betalingsterminal, GPS (Godkjent taksameter – Justervesenet)- kva som er meint med god køyreatferd- kva som ligg i omgrepa etikk og moral- korleis han/ho kan leggje til rette for at tilsette yter god service til ulike kundegrupper tilpassa behov og ønske. Spesielt barn og eldre, også personar utan smarttelefon, personar som ikkje kan lese/skrive, personar utan kredittkort og personar med nedsett funksjonsevne.- lovpålagd kontroll av køyretøyet- krav om køyresetel, yrkestransportlova kap. 7a |
|--|---|

Tema 005 Internkontroll til løyveeksamen for drosje:

| | |
|--|---|
| <p>Internkontroll Dette handlar om krav til dokumentasjon for det systematiske HMS- arbeidet verksemda skal utføre</p> <p>Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (Internkontrollforskrifta) – Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- gjeldande reglar i internkontrollforskrifta (HMS-forskrifta) |
|--|---|

Oppstart og administrasjon av drosjeverksemd

Tema 006 Føretaksformer til løyveeksamen for drosje:

| | |
|---|---|
| <p>Føretaksformer Dette handlar om kunnskap om ulike organisasjonsformer, kva krav som blir stilte for å etablere ulike føretak, og korleis ein registrerer føretaket.</p> <p>Lov om registrering av foretak (føretaksregisterlova) – Lovdata</p> <p>Lov om ansvarlige selskaper og kommandittselskaper (selskapslova) – Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- ulike organisasjonsformer som enkeltpersonføretak, aksjeselskap, ansvarleg selskap, samvirkeføretak og Norsk avdeling av utanlandske føretak- krav til registrering i offentlege register |
|---|---|



Tema 007 Økonomiforståing til løyveeksamen for drosje:

| | |
|---|---|
| <p>Økonomiforståing</p> <p>Dette handlar om å ha nødvendig grunnleggjande forståing for økonomisk styring av eit føretak. Grunnleggjande kunnskap vil vere nødvendig også for å kjøpe tenester knytte til økonomiforvaltning og rekneskapstenester.</p> <p>Lov om bokføring (bokføringslova) - Lovdata</p> <p>Lov om årsregnskap m.v. (rekneskapslova) - Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- inntekter og kostnader- rekneskap- investeringar- finansiering- budsjettering og kalkulering |
|---|---|

Tema 008 Reglar om prisopplysing og maksimalprisar for drosje til løyveeksamen for drosje:

| | |
|--|---|
| <p>Reglar om prisopplysing og maksimalpris for drosje</p> <p>Dette handlar om kunnskap om korleis prisane i marknaden blir bestemt, kva takstar som gjeld og krav til prisopplysing og maksimalpris til passasjerane.</p> <p>Forskrift om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn - Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Forskrift om takstberegning og maksimalpriser for løyvepliktig drosjetransport med motorvogn.</i> |
|--|---|

Tema 009 Loggføring av drosjeturar til løyveeksamen for drosje:

| | |
|--|--|
| <p>Loggføring av drosjeturar</p> <p>Dette handlar om at løyvehavar skal være kjend med krava og unntaka i yrkestransportlova når det gjeld loggføring av drosjeturar.</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- <i>Yrkestransportlova § 9</i>- <i>Yrkestransportforskrifta § 48 d)</i> |
|--|--|

Skattar og avgifter

Tema 010 Skattar til løyveeksamen for drosje:

| | |
|--|--|
| <p>Skattar</p> <p>Dette handlar om kvifor og korleis myndighetene krev inn skatt, og kva plikter ein arbeidsgivar har i samband med skattetrekk frå arbeidstakarar. (Rapportering til skattemyndighetene)</p> <p>Lov om skatt av formue og inntekt (skattelova) - Lovdata</p> | <p>Kandidaten skal ha kunnskap om:</p> <ul style="list-style-type: none">- kva omgrepa forskotstrekk, forskotsskatt og etterskotsskatt betyr- kva plikter ein arbeidsgivar har i samband med skattetrekk frå arbeidstakarar- bokføringsreglar for drosje |
|--|--|



Tema 011 Avgifter til løyveeksamen for drosje:

Avgifter

Dette handlar om kvifor og korleis myndigheitene krev inn avgifter, mellom anna for kjøp og sal (MVA), og korleis avgifter blir brukt for å påverke val ein gjer på grunn av avgifter.

[Lov om merverdiavgift \(merverdiavgiftslova\) – Lovdata](#)

Kandidaten skal ha kunnskap om:

- dei grunnleggjande reglane om merverdiavgift (MVA)
- arbeidsgivaravgift (differensiert)
- myndigheitene si plikt til innkrevjing
- klimatiltak ved hjelp av avgift